

Årsmelding og rekneskap 2012



Sogn regionråd

Aurland kommune
Balestrand kommune
Leikanger kommune
Luster kommune
Lærdal kommune
Sogndal kommune
Vik kommune
Årdal kommune

26. april 2013

Innhald

1	Sogn regionråd	3
1.1	Møte og deltaking.....	3
1.2	Arbeidsgrupper.....	3
1.3	Rekneskap – økonomiske resultat.....	4
2	Aktivitetar i 2012	4
2.1	Felles bu- og arbeidsmarknad.....	5
2.2	Helse.....	5
2.3	Næringsutvikling.....	5
2.3.1	Samferdsle.....	5
2.3.2	Rekruttering.....	6
2.3.3	Reiseliv.....	6
2.4	Sogndal si rolle som regionsenter.....	7
2.5	Utdanning og kompetanse.....	7
2.5.1	Prosjektet "Sats på skulen – snu Sogn".....	7
2.5.2	Skulebruksplanen – organisering av vidaregåande opplæring.....	8
2.6	IKT.....	8
2.6.1	Fellesordningar i Sogn regionråd.....	8
2.6.2	Geografisk informasjonssystem (GIS).....	9
2.7	Samarbeidsfora under Sogn regionråd.....	9
2.7.1	Rådmannsgruppa.....	9
2.7.2	Regionale nettverk.....	10
2.8	Orienteringar og gjesteforedrag.....	11
2.9	Fråsegner frå Sogn regionråd.....	11
3	Rekneskapsoversyn - Sogn regionråd	12
3.1	Bruk av fondsmidlar.....	13

1 Sogn regionråd

1.1 Møte og deltaking

Sogn regionråd er ein interkommunal samanslutning etter kommunelova § 27. Kommunane Aurland, Balestrand, Leikanger, Luster, Lærdal, Sogndal, Vik og Årdal er medlemmar. Ordførarane i kommunane er faste medlemmar i regionrådet.

Aurland kommune, Noralv Distad (leiar)
Vik kommune, Marta Finden Halset
Balestrand kommune, Harald Offerdal
Leikanger kommune, Olav Lunden
Luster kommune, Ivar Kvalen
Lærdal kommune, Jan Geir Solheim
Sogndal kommune, Jarle Aarvoll
Årdal kommune, Arild Ingar Lægreid.

Sogn regionråd har eige sekretariat med dagleg leiar tilsett i fast stilling. Stillinga er formelt sett lagt til administrasjonen i Sogndal kommune under eininga fag og utvikling.

Sogn regionråd hadde 6 møte:

17. februar, Leikanger
20. april, Balestrand
25. juni, Vik
14. september, Aurland
26. oktober, Luster
7. desember, Sogndal

Det vart handsama 38 saker i løpet av året.

Folkevalddagen samla om lag 100 kommunestyremedlemmar 20. april. Tema var utviklingstrekk, regionale utviklingsprosjekt, regionrådet sine satsingsområde, samhandlingsreforma og lokalmedisinsk senter i Lærdal.

Sogn regionråd arrangerte arbeidsmøte 28. september for å få innspel til regionalplanen for dei neste fire åra. Tema for møtet var "Kva skal til for å skapa vekst og utvikling i Sogn?". Regional analyse for Sogn vart presentert av Telemarksforsking. Deltakarar var formannskapsmedlemmar, rådmenn, næringsansvarlege og eksterne aktørar, omlag 50 deltakarar. Arbeidsmøtet munna ut i fleire tema det vart arbeidd vidare med i grupper i etterkant.

1.2 Arbeidsgrupper

Arbeidsgruppene gjev tilråding til regionrådet innan sine saksområde og har ikkje vedtaksmynde. Det er laga retningslinjer for arbeidsgrupper. Arbeidsgruppene hadde følgjande møteaktivitet:

- Samferdslegruppa (5 møte)
- Helsegruppa (1 møte)
- Reiselivsgruppa (1 møte). I tillegg har representantar frå reiselivsgruppa delteke i møte i interimstyret for nytt reisemålsselskap)
- RUP-gruppa (regional utviklingsplan) (3 møte).

1.3 Rekneskap – økonomiske resultat

Rekneskapen for 2012 vert revidert som ein del av rekneskapen i Sogndal kommune. Sogn regionråd fekk totalt tilført inntekter på kr 6 834 902. Av dette utgjer eksterne midlar kr 2 672 402 og refusjon frå kommunane kr 4 613 737, inkludert kr 2 694 000 i kontingentmidlar. I tillegg kjem overføringar frå kommunar/ innmelding som samla utgjer kr 289 552.

Det er brukt kr 1 661 800 av bundne fond, medan ubrukte midlar kr 658 794 er avsett til fond. Negativt netto driftsresultat er kr 1 003 006.

Renteinntektene for fondsmidlane utgjer 57 231 i 2012, og er avsett til fondsmidlar kontingent.

Meirverdiavgiftkompensasjonen som er ført på Sogn regionråd sitt ansvar går til Sogndal kommune i samsvar med avtalen og utgjer kr 297 434.

Detaljar i rekneskapen og gjennomgang av bruken av fondsmidlar går fram av punkt 3 i årsmeldinga.

2 Aktivitetar i 2012

Sogn regionråd har skissert mål og strategiar for prioritering av regional utvikling i "Regionalplan for Sogn 2009-2012". Planen tek utgangspunkt i regionale utfordringar som: Folketalsutvikling, sysselsetting, pendling, levevilkår og har desse satsingsområda: Felles bu- og arbeidsmarknad, helse, næringsutvikling, Sogndal si rolle som regionsenter og utdanning/kompetanse. Det vert laga tiltaksplan for kvart år.

Det vart inngått samarbeidsavtale med Sogn og Fjordane fylkeskommune også i 2012. Målet med avtalen er å samordna planlegging og gjennomføring av regionalplanen for Sogn regionråd. Dei regionale utviklingsmidlane frå fylkeskommunen utgjer kr 550 000.

RUP-gruppa (regional utviklingsplangruppa) følgjer opp arbeidet med regionalplanen og samarbeidsavtalen med fylkeskommunen.

Gjeldande regionalplan går ut 2012 og regionrådet starta om våren arbeidet med å rullera den strategiske delen av regionalplanen. Regional analyse for Sogn vart laga av Telemarksforsking vart brukt undervegs i planarbeidet.

2.1 Felles bu- og arbeidsmarknad

Ferjefrekvens

Auka ferjefrekvens og nattferjer på sambandet Hella-Dragsvik-Vangsnes: Sogn regionråd har oppmoda Statens vegvesen om å starta med nattferjer frå 2013 og har bedt om å få koma med innspel i forkant av anbudsutlysinga av ferjeruta.

Båtrute Aurland-Sogndal og Vik-Sogndal

Rådet løyvde kr 100 000 til å utgreia kombinert skule-, pendlar- og turistbåt mellom Aurland-Sogndal og Vik-Sogndal. Transportøkonomisk Institutt starta arbeidet på hausten 2012 og rapporten vart slutført i byrjinga av januar.

Pendlarbuss

Pendlarrute Leikanger - Sogndal er eit 3-årig prøveprosjekt frå 2009 i regi av fylkeskommunen.

2.2 Helse

Helsegruppa arbeider med samhandling mellom spesialisthelsetenesta og kommunehelsetenesta. Samhandlingsreforma og lokalmedisinsk senter har vore drøfta i regionrådsmøta.

Alf Olsen er regionrådet sin representant i koordineringsrådet i Helse Førde. Koordineringsrådet skal bidra til å utvikle og sikre kvaliteten på samarbeid og samhandling mellom partane.

Det er to pågåande prosjekt i regionen 1) lokalmedisinsk senter i Lærdal - forprosjekt og 2) folkehelse og førebyggjande arbeid (Leikanger, Luster og Sogndal).

2.3 Næringsutvikling

2.3.1 Samferdsle

Rullebaneforlenging

På oppdrag frå Sogn regionråd laga Norconsult ei utgreiing av rullebaneforlenging til 1199 meter for Sogndal lufthamn. Utgreiinga gjekk inn i Avinor sine vurderingar av aktuelle løysingar til Nasjonal Transportplan 2014-2023.

Flyplassveg

Sogn regionråd brukte kr 195 000 av til utgreiing av flyplassveg med utbetring av eksisterande veg og ny trase. Rapporten er laga av Norconsult og inngår i rådet sitt vidare arbeid for betra tilkomst til flyplassen. Rapporten er grunnlag for innspel til regional transportplan og til Sogndal kommune sin revisjon av arealdel av kommuneplanen.

Regionale flyruter

Sogn regionråd arbeidde for betra flyruter og ga innspel til rutehøyringa til fylkeskommunen og til departementet. Innspela omfatta behovet for nattstasjonert fly og krav om at tal direkteavgangar samsvarer med anbudsgrunnlaget.

Samferdslegruppa har arbeidd med desse sakene i 2012:

- Regionale flyruter og direkteruter i samsvar med anbudsgrunnlaget
- Utgreiing av rullebaneforlenging til 1199 meter for Sogndal lufthamn som grunnlag for Avinor sine vurderingar til Nasjonal Transportplan 2014-2023
- Auka frekvens og nattferjer på sambandet Hella-Vangsnes-Dragsvik
- Innspel til Stortingets transport- og kommunikasjonskomite i samband med deira besøk i fylket. Tema: rullebaneforlenging, ferjefrekvens, vegstrekninga Vinje-Hella-Sogndal og Sognefjellstunnel.

2.3.2 Rekruttering

Rekrutteringsmesser

Sogn regionråd deltok på rekrutteringsmessene i regi av Framtidsfylket i Trondheim og Bergen i 2012. Framtidsfylket fekk tilskot kr 45 000 til messene. I tillegg kjem eigne kostnader til stand og deltaking.

Bruk av portalen til Framtidsfylket

Rådet vedtok å setja av midlar til nyhende i portalen til Framtidsfylket og det vart laga seks nyhende i 2012.

2.3.3 Reiseliv

Felles marknadsføring

Sogn regionråd gav tilskot med kr 240 000 av RUP-midlane til felles marknadsføring av reiseliv i regionen gjennom Visit Sognefjord.

Båtrute

Sogn regionråd løyvde kr 100 000 til Discover Sognefjord for båtrute på Nærøyfjorden og Fjærlandsfjorden.

Reiselivsorganisering i Sogn

Forprosjektet for reiselivsorganisering i Sogn vart starta i 2011. Målet med prosjektet er å styrka samkøyringa av reiselivsutviklinga og auka lønsemda i reiselivet i Sogn. Sogn regionråd har vore prosjekteigar. Høyanger kommune har vore med i prosjektet.

Rapporten frå forprosjektet med forslag til ny organisasjonsmodell var ferdig våren 2012. Kommunane slutta seg til at rådet saman med næringa arbeidde vidare med å etablere eit regionalt reisemålsselskap. Interimstyret utforma forretningsmodell, satsingar og strategiar for Visit Sognefjord, og inviterte i desember 2012 verksemdene i regionen til å bli aksjonærer i selskapet. Skipingsmøte i februar.

Fylkeskommunen løyvde kr 150 000 til interimsarbeidet i 2012. Rådet har brukt kr 450 000 av egne midlar til forprosjektet og interimsarbeidet, i tillegg kjem eigeninnsats frå administrasjonen og kommunane.

2.4 Sogndal si rolle som regionsenter

Sogndal kommune orienterte rådet om sine kommunale planstrategiar og rådet gav innspel til desse.

2.5 Utdanning og kompetanse

2.5.1 Prosjektet "Sats på skulen – snu Sogn"

Sogn regionråd sitt skule- og samfunnsutvikling for perioden 2006-2012 vart evaluert vinteren 2011/2012 av NTNU Skole- og utdanningsforskning ved forskar Trond Buland. Rapporten *"Sammen så veie vi flere tonn. Evaluering av prosjektet Sats på skulen – snu Sogn"* analyserar effektar og peiker på aktuelle vegar for vidareføring av samarbeidet. Kommunane slutta seg til at det vart etablert eit regionalt samarbeid frå 2013 og at det skal utformast eit program for skule- og barnehageutvikling: "System for styrka læring". Hovudmåla er: Styrka tilpassa opplæring, auka læringsutbytte og redusert bruk av spesialundervisning. Det vart lyst ut og tilsett programleiar frå 2013. Oppstart og oppbygging av det nye programmet tok til. Den 27.9. vart alle styrarane, skuleleiarane og skulefagleg ansvarlege inviterte til felles opplæring i bruk av elektroniske analyseverktøy i regi av Utdanningsdirektoratet, KS og Statped Vest.

Det første kullet med leiarutdanning for styrarane i "Sats på barnehagen – snu Sogn" fullførte studiet. Det er gode attendemeldingar frå dei 30 styrarane og pedagogiske leiarane som deltok. Det var arbeid med fagnettverk for barnehagane og barnehagestemne i Sogn: «Fag i fokus» (2.1.2013).

Den fjerde entreprenørskapsmessa for ungdomsskuleelevane vart gjennomført i Luster, 3. mai. Der fekk vi kr 25 000 i sponsorstøtte frå Luster Sparebank, kr 25 000 frå Luster kommune, kr 12 500 frå Luster energi og kr 12 500 frå Statkraft.

I 2012 etablerte vi eit nytt tverrfagleg fagnettverk for tilsette i skule, helseteneste og barnevern: Psykisk helse. Vi hadde oppstart av nettverket/ kurs 18.9. Vi fekk tildelt kr 20 000 i nærundervisningsmidlar frå Uni Helse Regionalt kunnskapssenter for barn og unge¹ til to kursdagar. Sogn regionråd fekk kr 200 000 i støtte frå Regionalt forskingsfond til eit forprosjekt om psykologisk førstehjelp i skulen/klasseleing.

Satsinga på skule-, barnehage og entreprenørskap vart presentert for Utdanningsdirektoratet frå Namibia (i Sogndal). Regionrådet fekk kr 450 000 i fornyingsmidlar for 2012.

¹ www.uni.no/helse/rbku

2.5.2 Skulebruksplanen – organisering av vidaregåande opplæring

Fylkeskommunen la fram skulebruksplan for dei vidaregåande skulane, med framlegg til store endringar for kommunane, elevane og næringslivet i Sogn. Regionrådet starta arbeidet med ei felles fråsegn med regionalt perspektiv for å få fram fakta og vurderingar som ivaretek og støttar opp om Sogn sine behov for vidaregåande opplæring. Det vart sett ned ei arbeidsgruppe i desember og dr. polit Wiggo Hustad frå Deloitte vart leigd inn til å bistå i arbeidet med fråsegna.

2.6 IKT

2.6.1 Fellesordningar i Sogn regionråd

Overordna samarbeidsavtale

Samarbeidsavtalen mellom kommunane i Sogn regionråd og Sogn og Fjordane fylkeskommune Årdal kommune regulerer samarbeidet om IKT-tenester, og det er laga to delavtaler mellom samarbeidspartane:

- **Kommunenett:** Kommunikasjonsnettet bind kommunane saman med felles oppkoplingspunkt til fylkeskommunen. Løysinga er grunnlaget for digitale fellesløysingar.
- **GIS-løysing:** Sogn regionråd har avtale med fylkeskommunen om drift av GIS-systemet.

IKT-faggruppa

IKT-faggruppa er arena for IKT-relaterte problemstillingar i Sogn regionråd og gruppa rapporterer til rådmannsgruppa. Gruppa hadde 6 møte i 2012.

Breibandutbygging

Sogn regionråd sin representant i Breibandforum er Carl-Richard Nyborg-Christensen, IKT-medarbeidar for BLLS-kommunane (Balestrand, Leikanger, Luster og Sogndal).

eHelse

Nettverk som arbeider for sikker og effektiv bruk av elektronisk kommunikasjon i helsesektoren. Sogn regionråd sin representant er Marit Isaksen, Sogndal kommune med Carl-Richard Nyborg-Christensen, IKT-medarbeidar for BLLS-kommunane, er vara administrativ støtte.

IKT Skulenettverk

Nettverk som arbeider for å finna løysing for digitalt samarbeid på tvers av skulesteg. Sogn regionråd sin representant er Bjarnhild Samland (permisjon i 2012), Vik kommune.

2.6.2 Geografisk informasjonssystem (GIS)

Kommunane i Sogn regionråd har felles GIS-løysing med programvare for forvaltning oppdatering av kartdata og forvaltning av kommunale avgifter. I tillegg har kommunane felles kartløyning på sognekart.no der kartdata er tilgjengeleg for publikum. Sogn regionråd har GIS-koordinator i full stilling. GIS-koordinator rapporterer fagleg til dagleg leiar og rådmannsgruppa er styringsgruppe.

a) Adresseprosjektet

Sogn regionråd fekk tildelt kr 100 000 i skjønnsmidlar frå programstyret for offentleg fornying til adresseprosjektet. Prosjektet starta i 2012 og er planlagt avslutta desember 2014.

b) SIMAS

Det er installert KomTek-programvare for forvaltning av kommunale avgifter, med felles drift på Sogn regionråd si GIS-løysing hos fylkeskommunen.

Det vart inngått avtale med SIMAS om sal av tenester frå GIS-koordinator kr 75 000 og drift av GIS-løysing kr 70 000 ekskl mva.

d) Kompetanseheving

Det er gjennomført intern opplæring for saksbehandlarar i regionen for bruk av GIS-verktøy.

e) GIS-samarbeid med Voss

Relevant fagmiljø frå Voss og Sogn ønskjer å samarbeida om GIS mellom anna har GIS-koordinator gjennomført kurs for tilsette i Voss kommune.

f) Samarbeid

Representanter frå regionen deltek i Geodatautvalget i Hordaland og Sogn og Fjordane, Norgedigital, GeoForum og Geovekstprosjektet.

2.7 Samarbeidsfora under Sogn regionråd

2.7.1 Rådmannsgruppa

Rådmannsgruppa er eit forum for erfaringsutveksling og utviklar samarbeidet om kommunal forvaltning, administrative funksjonar og tenesteproduksjonen i regionen. Rådmannsgruppa får arbeidsoppdrag frå regionrådet og organiserer det i samråd med dagleg leiar. Dagleg leiar i Sogn regionråd deltek i møta og skriv møtereferat.

Leiar for rådmannsgruppa i 2012 var Kjellaug Brekkhus, rådmann i Balestrand kommune. Gruppa hadde 6 møte og blant sakene har vore:

- Regionalt barnehage- og skulesamarbeid
- Felles pedagogisk- psykologisk teneste i Sogn

- Vurdera oppretting av regionale fagnettverk (helse- og omsorgsnettverk, kulturnettverk og HR/personalnettverk)
- Innkjøp: sekretariatsfunksjonen for kontrollutvala
- Lokalmedisinsk senter i Lærdal – informasjonsutveksling
- Arbeidsgjevarkontroll

2.7.2 Regionale nettverk

Regionale fagnettverk er arena for erfaringsutveksling og kompetanseheving for tilsette i kommunane, og gir høve for å setja tema på dagsorden, informera om aktuelle saker og samhandle med eksterne aktørar. Ungdomsnettverket vart starta opp i 2006, kulturnettverk i 2011 og næringsnettverk, HR/personal og helse- og omsorgsnettverket starta i 2012.

Ungdomsnettverk

Deltakarar er ein ungdomsarbeidar frå kvar kommune. Nettverket har hatt to møte og ei samling mellom tema har vore «Bredablikk-undersøking» og korleis bruka dette som verktøy. Prioritert kurs i 2012 var «Unge i risikozonen». Leiar for nettverket var Ole Opheim Røthe, tenesteleiar for kultur i Leikanger kommune. Ny leiar i nettverket frå hausten 2012 er Anita Lærum, Aurland kommune.

Kulturnettverk

Det er oppretta eit regionalt nettverk for kulturmedarbeidarar for erfaringsutveksling og kompetanseutvikling. Ansvar for møta, mellom anna med møteleiing og – referat, går på omgang mellom kommunane.

HR/personalnettverk

Deltakarar er personalmedarbeidarar i kommunane og fylkeskommunen. Tilsette som arbeidar med lønsarbeid vert med i aktuelle saker. Vertskommune går på omgang med to år av gangen, Luster er frå 2012 - 2013. Det har vore 2 møte med mellom anna følgjande tema: Visma (felles personal- og økonomisystem), felles kompetansesatsing, erfaringar frå lønstestingar, permisjonsreglar, felles malar, seniorpolitikk og lønspolitisk plan.

Næringsnettverket i Sogn

Nettverket hadde fire møte og tema var mellom anna næringshageprogrammet, reiselivsorganisering, utfordringar og moglegheiter i regionen. Deltakarar er næringsansvarlege i kommunane. Næringsjef Olav Grov, Luster kommune er leiar. Dagleg leiar i Sogn regionråd deltek på møta.

Helse- og omsorgsnettverk

Nettverket har hatt to møte med mellom anna følgjande tema: Hospiteringsprosjekt mellom kommunane og Helse Førde, kartlegging av prosjekt i kommunane som vi kan samarbeide om, meldingsløftet og rekruttering. Leiar for nettverket er Jarle Helge Skaar, tenesteleiar for pleie og omsorg, Sogndal kommune, og leiaren deltek i Forum for helse, omsorg og folkehelse.

2.8 Orienteringar og gjesteforedrag

Orienteringar i møta i Sogn regionråd:

Margun Thue, tenesteleiar Lærdal kommune
Jon Bolstad, adm. direktør Helse Førde
Vidar Roseth, samhandlingssjef Helse Førde
Synnøve Aabrekk, prosjektleiar, Segel
Trond Buland, forskar og prosjektleiar, NTNU
Jan Heggheim, fylkesdirektør for næring, Sogn og Fjordane fylkeskommune
Per Jørgen Loen, ass. fylkesdirektør for opplæring, Sogn og Fjordane fylkeskommune
Marta Sofie Vange, rektor Sogndal vidaregåande skule
Konstituert politimeister Ronny Iden, Sogn og Fjordane politidistrikt
Anne van Oorshoot, Framtidsfylket (videokonferanse)
Prosjektleiar Claus Røynesdal, "Sats på skulen – snu Sogn"
Rektor Åse Løkeland, Høgskulen i Sogn og Fjordane

2.9 Fråsegner frå Sogn regionråd

Sogn regionråd hadde desse fråsegnene i 2012:

- Partnerskap for karriererettleiing - til Sogn og Fjordane fylkeskommune, 13.3.2012
- Nasjonal transportplan 2014-2023 - innspel til Sogn og Fjordane fylkeskommune, 30.4.2012
- Widerøe sitt ruteprogram - innspel til Sogn og Fjordane fylkeskommune, 9.5.2012
- Kommunal planstrategi for Sogndal kommune, 1.6.2012
- Fråsegn til regional transportplan Sogn og Fjordane 2014-2023 – planprogrammet, 8.6.2012

Vedlegg

3 Rekneskapsoversyn - Sogn regionråd

Deltakarkommunar: Sogndal, Leikanger, Luster, Lærdal, Aurland, Vik, Balestrand, Årdal	Rekneskap 2012	Revidert budsjett	Vedteke budsjett	Rekneskap 2011
DRIFTSINTEKTER				
Refusjonar frå deltakarkommunar	-4 613 737	-4 820 474	-4 078 000	-4 626 010
Refusjon frå staten	-469 973			-86 830
Refusjonar frå fylkeskommunen				
Refusjonar frå andre/private	-240 750			-25 000
Overføringar frå staten	-100 000	-900 000	-1 642 000	-1 230 000
Overføringar frå fylkeskommunar	-720 000	-570 000	-550 000	-550 000
Overføring frå kommunar	-289 552	-95 000	-35 000	-220 000
Overføringar frå andre	-103 456	-25 000	-25 000	-635 000
Mva kompensasjon	-297 434			-145 572
Sum driftsinntekter	-6 834 902	-6 410 474	-6 330 000	-7 518 412
DRIFTSUTGIFTER				
Lønsutgifter	1 056 754	1 391 000	1 391 000	1 028 431
Sosiale utgifter	321 436			286 451
Kjøp av varer og tenester som går inn i kommunal tenesteprod	5 016 391	4 798 474	4 292 000	3 927 306
Kjøp av tenester som erstattar kommunal tenesteprod				784 820
Overføringar	1 500 558	1 842 000	1 902 000	2 753 566
Fordeelte utgifter				
Sum driftsutgifter	7 895 139	8 031 474	7 585 000	8 780 574
Brutto driftsresultat	1 060 237	1 621 000	1 255 000	1 262 162
Finansinntekter/finansutgifter				
Renteutgifter, provisjon og andre finansutgifter				
Renteinntekter	-57 231			-128 039
Resultat eksterne finanstransaksjonar	-57 231	0	0	-128 039
Netto driftsresultat	1 003 006	1 621 000	1 255 000	1 134 123
Avsetjing og bruk av fondr				
Bruk av bundne fond	-1 661 800	-1 630 000	-1 255 000	-2 053 052
Avsetjingar til bundne fond	658 794	9 000	0	918 929
Sum avsetjing og bruk av fond	658 794	9 000	0	918 929
Rekneskapsmessig meirforbruk/mindreforbruk	0	0	0	0
Oversikt over fond Sogn regionråd				
	31.12.2012			31.12.2011
FOND SOGN REGIONRÅD-DIV. PROSJEKT	-164 625			-910 914
FOND SOGN REGIONRÅD-UNGDOM	-20 610			-66 176
FOND SOGN REGIONRÅD-REISELIV				-238 072
FOND SOGN REGIONRÅD-BARNEVERN	-17 517			-17 517
FOND SOGN REGIONRÅD-SKULE	-687 735			-1 188 506
FOND SOGN REGIONRÅD-SKULE FAGNETTVERK	-284 701			
FOND SOGN REGIONRÅD-KONFERANSE				-5 039
FOND SOGN REGIONRÅD-KONTIGENT	-463 960			-218 931
FOND SOGN REGIONRÅD-IKT	-10 000			-7 000
SUM	-1 649 149			-2 652 155

3.1 Bruk av fondsmidler

Fondsmidler utgjør kr 1 649 149 pr 31.12.2012.

1. Div prosjekt

Fondsmidler kr 164 625 er unyttede RUP-midler (regionale utviklingsprosjektmidler) fra fylkeskommunen og kommunane. Fondsmidlene har finansiert evaluering av prosjektet «Sats på skulen – snu Sogn» og reiseliv.

2. Ungdom

Fondsmidler kr 20 610 er unyttede midler som ungdomsnettverket disponerer i samsvar med aktivitetsplanen.

3. Reiseliv

Fondsmidler for reiseliv har finansiert prosjektet reiselivsorganisering i Sogn i 2012.

4. Barnevern

Det står att kr 17 517 som kan nyttast til barnevern til dømes kompetanseutvikling.

5. Skule

Fondsmidlene finansierte leiarutdanninga frå Høgskulen og det står att kr 687 735.

6. Fagnettverk

Unyttede midler frå fagnettverka utgjør kr 284 701 og er i hovudsak kontingentmidler.

7. Konferanse

Midlene er overskot etter Landskonferansen og finansierte folkevalddagen.

8. Kontingent

Sal av tenester til SIMAS på kr 140 000 er ført på fondsmidler Kontingent. Det er elles eit lite overskot for drift av regionrådet og rådmannsgruppa i tillegg til renteinntektene frå Sogndal kommune på kr 57 231.

10. IKT

Unyttede midler innan IKT blir sett av og går mellom anna til samlingar.